

NYHEITSBREV – Huset i Bygda

Kulturbyggkonferanse 3. november

Eikås Ungdomshus i Jølster

Er du engasjert i eit av dei 400 kulturbygga i fylket vårt? Ynskjer du å vite meir om søknadsskriving og tilskotsordningar? Eller lurar du rett og slett korleis du lagar eit godt budsjett?

Treng du idear til korleis skape gode, inkluderande møteplassar og aktivitetar for born og unge? Har du lyst og ønske, men treng inspirasjon til korleis gjere visjonane om til verkelegheit?

Vi er full gang med planlegging av året kulturbyggkonferanse. Eit viktig tema er innbyggarmedverknad og korleis kan lagseigde kulturbygg bli betre på å aktivisere og engasjere born- og ungdom?

Mange lag og organisasjonar har ulik erfaring i dette arbeidet. Vi vil difor å ha erfaringsutveksling som eiga punkt på programmet. Kva kan vi lære av kvarandre, kva fungerer nokre stader, men kanskje ikkje andre stader (eller kanskje det gjer det?). Har laget ditt nokre erfaringar som kan være relevant for andre, så vil vi høyre frå deg!

Mellom anna kjem Kai Roger Vatne, generalsekretær i Noregs Ungdomslag, Pål Fidjestøl, kultursjef i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Irene Hegge Guttormsen frå Nidelv UL kjem heilt frå Arendal for å fortelje om deira arbeid og aktivitetar. Frå Balestrand Ungdomslag kjem Tuba Ardic, som m.a. vil fortelje om deira arbeid med inkludering.

Meir informasjon om program og føredragshaldarar kjem snart.

For spørsmål om konferansen:
kontakt Christoffer Knagenhjelm på christoffer@ungdomslag.no eller mob. 48004817.

Meld inn endringar av kontaktperson til ditt kulturbygg

Huset i Bygda sender ut aktuell informasjon på e-post til kontaktpersonane i kulturbygga i Sogn og Fjordane. Dersom du ikkje lenger sit i styret for det lokale kulturbygget, gje tilbagemelding med rett kontaktinfo til rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag, Christoffer Knagenhjelm, mob. 48004817. E-post: christoffer@ungdomslag.no

Om Huset i bygda

I 2010 starta Sogn og Fjordane Ungdomslag opp prosjektet *Huset i Bygda*. Sidan den gong har det blitt arrangert i underkant av 50 kommunevise samlingar for lokale kulturbygg, og invitert til årlege kulturhuskonferansar. Du kan òg vitje nettstaden, husetibygda.no. Her er det aktuell informasjon for lokale kulturbyggeigarar. Vi er òg på Facebook og driv med direkte rettleiing av lokale huseigarar.